

Felles planstrategi for Sauherad og Bø kommunar 2017-2020

LANGSIKTIGE UTFORDRINGAR
OG PLANBEHOV I PERIODEN

*Vedtatt av kommunestyra i Bø (18.9.17) og Sauherad (14.9.17)
Revidert etter kommunestyrevedtak i Bø (15.10.18) og Sauherad (18.10.18)*

Innhald

1	Innleiing	3
2	Kommunal planstrategi og kommuneplan	3
2.1	Kommunal planstrategi	3
2.2	Kommuneplan	4
3	Nasjonale forventningar til kommunalt planarbeid	4
3.1	Gode og effektive planprosessar	4
3.2	Berekraftig areal- og samfunnsutvikling	4
3.3	Attraktive og klimavennlige by- og tettstadsområde	4
4	Status og evaluering av gjeldande kommuneplanar	5
4.1	Kommuneplan for Sauherad og Bø	5
4.2	Oversikt over gjeldande planar	5
4.3	Evaluering av dagens kommuneplanar og plansystemet	6
4.4	Prioriterte planar i nyleg vedtatte kommunale planstrategiar	7
5	Utviklingstrekk og utfordringar	8
5.1	Felles utviklingstrekk og utfordringar i Sauherad og Bø	8
5.2	Utviklingstrekk og utfordringar for Sauherad kommune	9
5.3	Utviklingstrekk og utfordringar for Bø kommune	9
5.4	Utviklingstrekk og utfordringar for den nye kommunen	9
6	Vurdering av planbehovet i perioden 2017-2019	10
6.1	Kommuneplanens samfunnsdel og arealdel	10
6.2	Kommunedelplanar	11
6.3	Områdereguleringsplanar	11
6.4	Temaplanar som ikkje følgjer plan- og bygningslova	12
7	Prioriterte planoppgåver i perioden 2017-20	12
7.1	Prioriterte planar	12
7.2	Plansystemet i kommunen	14

1 INNLEIING


Kommunestyra i Sauherad og Bø vedtok 16.6.16 å slå seg saman til ein kommune med verknad frå 1.1.20. Hausten 2016 vart fellesnemnd og partssamansett utval for samanslåinga etablert, og dei to kommunane fekk felles rådmann 1.1.17. Både kommunar utarbeida sin kommunale planstrategi i 2016, men på bakgrunn av vedtak om kommunesamanslåing, ønska kommunane å lage ein felles planstrategi. Kommunestyra delegerte til fellesnemnda å utarbeide forslag til felles planstrategi.

2 KOMMUNAL PLANSTRATEGI OG KOMMUNEPLAN

2.1 KOMMUNAL PLANSTRATEGI

Alle kommunestyre skal, innan eitt år etter konstituering, vedta ein kommunal planstrategi, jf. plan- og bygningslova (PBL) §10-1. Kommunestyra i Sauherad og Bø vedtok sine kommunale planstrategiar i 2016, men har no utarbeidd ein felles planstrategi som skal erstatte desse. Dette på bakgrunn av vedtak om samanslåing av dei to kommunane frå 2020 og for å ivareta intensjonane i samanslutningsavtala.

Planstrategien er ikkje ein plan, men ei prioritering av planressursane i valperioden. Strategien skal klargjere kva for planoppgåver som skal gjennomførast for å legge til rette for ei ynskt utvikling. Kommunestyret tar her stilling til om kommuneplanen skal rullerast. Systematisk planlegging er naudsynt for å sikre ei målretta utvikling av kommunen som lokalsamfunn og som organisasjon. Planlegging skal vere behovsstyrt, realistisk i høve til tilgjengelege ressursar og ikkje meir omfattande enn naudsynt. Planstrategien sin plass i plansystemet er vist i Figur 2 .



Figur 1 Planstrategien sin plass i det kommunale plansystemet

2.2 KOMMUNEPLAN

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel (PBL §11-1). Kommuneplanen skal vere eit strategisk dokument og verktøy for utvikling og skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål og oppgåver. Samfunnsdelen skal gje overordna mål og føringar for utvikling av kommunesamfunnet og for kommunen som organisasjon. Handlingsdelen til samfunnsdelen skal vise oppfølging av planen i dei fire påfølgjande åra og reviderast årleg. Økonomiplanen kan inngå i handlingsdelen. Det kan utarbeidast kommunedelplanar for bestemte område eller tema. Samfunnsdelen skal gje føringar for kommuneplanens arealdel, t.d. folketalsutvikling og utbyggingsmønster. Arealdelen skal vere ein oversiktsplan for heile kommunen og gje eit kartmessig bilete av prioriteringar og satsingar i samfunnsdelen.

3 NASJONALE FORVENTNINGAR TIL KOMMUNALT PLANARBEID

Regjeringa utarbeidar kvart fjerde år [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#). Desse er kort oppsummert under.

3.1 GODE OG EFFEKTIVE PLANPROSESSAR

Planforslag og vedtak skal baserast på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og ivareta nasjonale og viktige regionale interesser. Tidleg medverknad og involvering av allmennheten, styresmakter, partar og organisasjonar må sikrast. Kommunane bør bruke regionalt planforum aktivt for tidleg avklaring av interesser og konflikter. Regionale mynde skal fremme motsegn berre når det er naudsynt for å sikre viktige nasjonale og regionale interesser. Det skal leggast til rette for enkel tilgang til digitalt planregister og bruk av verktøy for digital plandialog.

3.2 BEREKRAFTIG AREAL- OG SAMFUNNSUTVIKLING

Reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og -effektivisering skal vektleggast gjennom planlegging og lokalisering av næring, bustad, infrastruktur og tenester. Klimaendringar, risiko og sårbarhet må takast omsyn til gjennom samfunns- og arealplanlegging og byggesaksbehandling. Naturmangfald, landskap, friluftsliv, kulturminne og -miljø må identifiserast og ivaretakast i regionale og kommunale planar. Det forventast samarbeid om berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet. Jordbruksjord må sikrast, og det må leggast til rette for nye og grønne næringer. Utvinning av mineralressursar må vegast mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser.

3.3 ATTRAKTIVE OG KLIMAVENNLIGE BY- OG TETTSTADOMRÅDE

Kommunane skal, saman med fylkeskommunen, fastsette regionalt utbyggingsmønster, senterstruktur og hovudtrekk i transportsystemet, m.a. knutepunkt for kollektivtrafikken. Det må leggast til rette for variert og nok bustadbygging og sikrast høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, med tilrettelegging for auka sykkel og gange. Kommunane skal legge til rette for effektive planprosessar og rask behandling av planar for samferdsel. Gjennom aktiv og heilskapleg sentrumspolitikk skal det skapast levande bymiljø med bustad, arbeidsplassar, service og møteplassar. Helsefremmande bumiljø, tilrettelagt for fysisk aktivitet og nærfriluftsliv, skal bidra til trivsel for alle.

4 STATUS OG EVALUERING AV GJELDANDE KOMMUNEPLANAR

4.1 KOMMUNEPLAN FOR SAUHERAD OG BØ

Samfunnsdelen av kommuneplan for [Sauherad](#) vart vedtatt i des. 2014 og for [Bø](#) i des. 2013. I Sauherad er består handlingsdelen av budsjett og økonomiplan og har dermed ein årleg rullering. I Bø er det utarbeidd ein eigen handlingsdel til samfunnsdelen, som blir rullert saman med budsjettarbeidet. I Bø er det i denne perioden utarbeidd fleire tematiske kommunedelplanar med same struktur som samfunnsdelen når det gjeld mål, strategiar og handlingsdel, sjå oversikt i kap. 4.2.2.

Arealdelen av kommuneplanen er for både kommunar oppdatert etter ny plan- og bygningslov og relativt nyleg vedtatt. I [Sauherad](#) vart ny arealdel vedtatt 16.2.17 og i [Bø](#) 15.6.15. I Bø gjeld eigen geografisk [kommunedelplan for delar av Lifjell](#) (2014).

Bø og Sauherad har to interkommunale kommunedelplanar: Kulturminne (2016) og landbruk (2014).

4.2 OVERSIKT OVER GJELDANDE PLANAR

4.2.1 GJELDANDE PLANAR I SAUHERAD KOMMUNE

Plan	Vedtatt
Planar etter PBL	
Kommuneplanens samfunnsdel	2014
Kommuneplanens arealdel	2017
Kommunedelplan for klima og energi	2010
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	2016
Overordna temaplanar	
Overordna ROS-analyse	2012
Beredskapsplan	2014
Hovudplan for vannforsyning	1993
Trafikksikkerhetsplan	2015?

4.2.2 GJELDANDE PLANAR I BØ KOMMUNE

Plan	Vedtatt
Planar etter PBL	
Kommuneplanens samfunnsdel	2013
Kommuneplanens arealdel	2015
Kommunedelplan for Lifjell	2014
Kommunedelplan for klima og energi	2010
Kommunedelplan for kunst og kultur	2015
Kommunedelplan for helse og omsorg	2016
Kommunedelplan for oppvekst	2016
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet	2016
Kommunedelplan for integrering av flyktningar	2016
Overordna temaplanar	
Kommunikasjons- og mediestrategi for Bø kommune	2017
Plan for bustadpolitikk	2013
Overordna ROS-analyse	2012

Beredskapsplan	2016
Hovudplan for vatn og avløp	2013
Trafikktryggleiksplan	2013
Plan for helse-, sosial og smitteberedskap	2015

4.2.3 GJELDANDE INTERKOMMUNALE PLANAR

Plan	Vedtatt
Planar etter PBL	
Kommunedelplan for landbruk i Midt-Telemark	2014
Kommunedelplan for kulturminner for Bø og Sauherad	2016
Temaplanar	
Strategisk tiltaksplan mot barnefattigdom i Midt-Telemark	2012
Smittevernsplan for Midt-Telemark (MT)	2016
Strategisk næringsplan (MT)	2015
IKT strategiplan (MT)	2014
NAV Telemark - Strategi i partnerskap mot 2020	2014

4.3 EVALUERING AV DAGENS KOMMUNEPLANAR OG PLANSYSTEMET

4.3.1 SAUHERAD KOMMUNE

Gjeldande samfunnsdel gir mål og strategiar på overordna nivå. Desse har hatt ein god funksjon som ramme og retning for vidare planarbeid og for budsjett og økonomiplan. Det er likevel behov for ei betre samordning av samfunnsdelen og økonomiplan/budsjett og betre system for rapportering på handlingsdelen som sikrar at vedtatte strategiar blir fylgd opp.

Kommuneplanen sitt mål om vekst i folketal og arbeidsplassar har vore ei hovudutfordring for Sauherad. Kommunen har hatt eit stabilt folketal i mange tiår, medan folketallet i landet og i nabokommunen Bø har vekse. Telemarksforsking sine analyser og prognoser viser at målet ikkje er umogleg, men at det må til ei balansert satsing på både bustadattraktivitet og næringsattraktivitet for å få ønska resultat. Samfunnsdelen sine mål og strategier er i tråd med denne tenkinga og bør førast vidare, men i ny kommune saman med Bø, som har høg vekst, vil arbeidet få eit anna grunnlag.

Ny arealdel til kommuneplanen legg opp til tettstadnær bustadbygging. Det gjeld særleg Hørte, Akkerhaugen, Nordagutu og Hjuksebø. For strandnære område langs hovudvassdraga er det gjeve noko rom for bryggebygging, men det er føreset at det vert laga ein strandsonenplan for vassdrag og strandsoner. Formål med denne planen er at kommunen skal ta konkrete initiativ og legge til rette for betre og meir styrt bruk av det grunnlaget som Heddalsvannet – Bråfjorden, Sauarelva, Norsjø og Gvarvelva gir for auka attraktivitet, næringsutvikling og bustadutvikling.

Samordna areal- og transportplanlegging og heilskapleg bærekraftig areal- og samfunnsutvikling for den nye kommunen vil vere sentrale tema i felles planstrategi for Bø og Sauherad.

4.3.2 BØ KOMMUNE

Evaluering av gjeldande kommuneplanar i Bø i samband med utarbeiding av kommunal planstrategi, viser at ein i førre periode kom eit stort steg vidare med overordna planar og struktur på planarbeidet. Gjeldande samfunnsdel opplevast som eit godt styringsverktøy, både for utarbeiding av kommunedelplanar og, gjennom handlingsdelen, for prioritering av ressursar. Det er likevel behov for betre samordning av handlingsdelen og økonomiplan/budsjett og betre system for rapportering på

handlingsdelen som sikrar at vedtatte strategiar blir fylgd opp. Stram økonomi gir lite rom for å prioritere inn satsingsområde i samfunnsdelen. Form og innhald opplevast som lett å forhalde seg til og til å formidle vidare. Det er framleis ei utfordring å gjere overordna mål og strategiar betre kjent nedover i organisasjonen.

I arealdelen er det definert ein tettstad, Bø, og 70% av bustadbygging skal skje innanfor grensene for denne tettstaden. Avgrensinga av tettstaden er trekt i ein ujamn sirkel med radius frå 2-3,5km frå sentrum. Avgrensing av sentrumssona, dvs der det er opna for detaljhandel og sentrumsfunksjonar, følgjer dagens sentrum frå Valenvegen til Frivollvegen i aust og vest, jernbanelina i sør og Gamleveg i nord. Det er lagt til rette for hyttebygging på Lifjell og på Resjemheia.

Av evalueringa kom det fram at ny planstrategi må ta høgde for at kommunereformen vil vere ressurskrevjande administrativt og politisk, og at ny samfunnsdel bør vere det første ein ny kommune prioriterer. Politikarane ønskjer at overordna planar vert rullert tidleg i perioden.

4.4 PRIORITERTE PLANAR I NYLEG VEDTATTE KOMMUNALE PLANSTRATEGIAR

Tabell 1 Prioriterte planar i planstrategi for Sauherad 2016-2019

Plan	2016	2017	2018	2019	Kommentar
Planar etter PBL					
Kommuneplanens samfunnsdel					Videreføres
Kommuneplanens samfunnsdel	Rev.				Sluttføres i 2016
KDP klima og energi 2010-2020					Rev. anbefales i ny kommune
KDP kulturminne, Bø og Sauherad 2016-2019	Ny				Vedtaket hausten 2016
KDP landbruk, M-T 2014-2017					Rev. anbefales i ny kommune
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2016 – 2028					Rev. anbefales i ny kommune
Kommunedelplan for kultur					Behov vurderes i ny kommune
Strandsoneplan for vassdrag		Ny	Ny		
Områdereguleringsplan for Skåråfjellia boligområde					Forutsatt samarbeid med aktører for området
Områdereguleringsplan for Geiteryggen boligområde					Forutsatt samarbeid med aktører for området
Overordna temaplanar					
Hovedplan for vannforsyning (4.11.93), tiltaksplan 12.9.11.					Tas opp i ny kommune
Tiltaksplan for avløp		Ny			
Trafikksikkerhetsplan 2015 - 24					
Boligpolitisk plan for Sauherad					Rev. anbefales i ny kommune
Risiko- og sårbarhetsanalyse					Interkommunalt samarbeid. Rev. anbefalt i ny kommune.
Beredskapsplan					Rev. anbefalt i ny kommune.
Helse – sosial og smitteberedskapsplan					Rev. anbefalt i ny kommune.
Plan for oppvekst		1.halvår			
Plan for psykisk helse		1.halvår			
Plan for pleie- og omsorgstjenesten		1.halvår			
Plan for velferdsteknologi		Ny	Ny		Samarbeid i Midt-Telemark

Tabell 2 Prioriterte planar i planstrategi for Bø 2016-2019

Plan	2016	2017	2018	2019	Kommentar
Planar etter PBL					
Kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025		Rev	Rev	Rev	Interkommunal Bø og Sauherad
Kommuneplanens arealdel 2015-2027			Rev		Interkommunal Bø og Sauherad
KDP Lifjell (2014)					Ingen rullering
KDP kulturminne, Bø og Sauherad 2016-2019	Ny				Vedtak hausten 2016
KDP klima og energi 2010-2020		Rev.			Samarbeid med Sauherad
KDP vatn og avløp			Ny	Ny	Interkommunal Bø og Sauherad
KDP landbruk, M-T 2014-2017					Ingen rullering
KDP kunst og kultur 2015-2027					Ingen rullering
KDP flyktningpolitikk (2016)					Ingen rullering
KDP oppvekst 2016-2028					Ingen rullering
KDP helse 2016-2028					Ingen rullering
KDP idrett og fysisk aktivitet 2016-2028					Ingen rullering
Områderuleringsplan for Bø sentrum (2013)	Rev.	Rev.			
Områderuleringsplan for Klokkeåsen og Skyttarvegen					Tidspunkt avhengig av grunneigarane
Overordna temaplanar					
Sykkelplan	Ny	Ny			Bygdepakke Bø
Trafikktryggleiksplan 2013-2016		Rev.			
Overordna ROS-analyse 2012-2015		Rev.	Rev.		Samarbeid med Sauherad
Digitaliseringsstrategi for Midt-Telemark 2014-2018		Rev.	Rev.		Midt-Telemark
					Byregionprogrammet (Midt-Telemark)
Student- og elevmelding for HSN og Bø og Nome vgs		Ny	Ny		
Plan for bustadpolitikk 2013-2025			Rev.		
Beredskapsplan					Ingen rullering
Strategisk næringsplan for Midt-Telemark 2015-2018					Ingen rullering

5 UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR

5.1 FELLES UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR I SAUHERAD OG BØ

Utfordringar i kommunal tenesteyting og samfunnsutvikling for Bø, Nome, Sauherad og Seljord kommunar vart oppsummert i [utfordringsnotat for Midt-Telemark og Seljord](#) i samband med utarbeiding av kommunale planstrategiar. Utviklingstrekk er vist for følgjande tema:

- Befolkning og demografi
- Utdanning og oppvekst
- Kultur, idrett og frivillighet
- Næringsliv og sysselsetting
- Levekår og folkehelse
- Landbruk
- Bustadbygging
- Transport og infrastruktur
- Integrering og mangfald
- Klima og miljø
- Økonomi og kommunereform

I planstrategiperioden skal Bø og Sauherad kommunar bygge opp ein ny felles kommune. Båe kommunane er nyleg ute av Robeklista, men har stram økonomi. Arbeidet med den nye kommunen vil krevje store administrative og politiske ressursar for båe kommunar. Dei to kommunane har elles utfordringar på ulike område.

5.2 UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR FOR SAUHERAD KOMMUNE

Sauherad har stabilt folketal, og dette er i sterk kontrast til mål i kommuneplanen om folketalsutvikling på nivå med landet elles. Den manglande forletalsveksten svekker inntektsgrunnlaget for kommunen og gir ein negativ økonomisk trend. Sauherad har ein befolkning med ein aukande andel eldre. Dette inneber auka utfordringar innan helse- og omsorgstenestene, men fleire eldre representerer og ressursar og moglegheiter både innan næringsliv og frivillighet.

Utvikling av bumiljø, tettstad og attraktivitet i Sauherad er utfordrande i lys av den økonomiske situasjonen. Gjeldande arealplanar gir gode høve for utvikling av alle tettstadene. Nytt skuleanlegg på Gvarv er vedtatt bygd og vil bli ein viktig ny ressurs for abreidet med barn og unge. Fruktpofil, arrangement og vassdragstilknytning er sterke attraktivitetsselement. Vassdragstilknytninga var planlagt handtert i ein eigen strandsoneplan for hovudvassdraget i gjeldande planstrategi for Sauherad, men i felles planstrategi ønskjer ein no heller å lage ei grundig utgreiing av dette temaet som skal danne grunnlag for felles arealdel av kommuneplanen for dei to kommunane.

5.3 UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR FOR BØ KOMMUNE

Bø opplever ein svært sterk vekst i innbyggartalet. Dette er ei ønska utvikling, men legg press på tenestene i alle sektorar. Vidare satsing på arbeidsplassutvikling i takt med innbyggjarveksten vil vere ei utfordring framover. Høgskolen i Sørøst-Noreg (HSN) har søkt om å bli universitet, og består i dag av 8 campus. Campus Bø er den nest største campusen i HSN, og korleis eit framtidig universitet vil satse på denne studiestaden, vil vere avgjerande for vidare utvikling av bygda. Det vert ei utfordring for kommunen å styrke satsinga som vertskommune. Bø er eit blomstrandende handelssentrum i vekst, og kommunen må saman med næringslivet fokusere på å vidareutvikle sentrum til ein attraktiv plass og redusere nivået på intern personbiltrafikk. Gjennom prosjektet Bygdepakke Bø samarbeider Bø kommune med Statens vegvesen, Telemark fylkeskommune, Fylkesmannen i Telemark og Bane NOR om å redusere biltrafikken i Bø sentrum.

Hovudutfordringane i kommunen er elles knytt til oppvekst, helse, sosiale skilnader og auke i andel barn som veks opp i låginntektsfamiliar. For desse områda er det nyleg vedtatte kommunedelplanar med strategiar for å møte utfordringane.

5.4 UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR FOR DEN NYE KOMMUNEN

Medan Bø opplever ein kraftig vekst i befolkninga og press på tenestene kommunen skal levere, har Sauherad eit relativt stabilt folketal og mindre press på tenestene. I den nye kommunen vil ein kunne utjamne presset på tenestene folketalsauka medfører i Bø kommune i dag. Prognosene tilseier framleis vekst i Bø og dermed meirutgifter for kommunen. I perioden 2018-2021 vert det anslått at Bø får auka demografikostnader på kr 16 mill, medan tilsvarande auke i Sauherad vil vere 3 mill (Telemarkforskning, Demografikostnader Bø og Sauherad 2017). Både kommunar har hatt fokus på stram styring av økonomien og går ut av Robeklista i 2017, eit godt utgangspunkt for ein ny kommune.

Bø sentrum er i dag definert som regionsenter. Som del av det nye inntektssystemet for kommunane, er det frå 2017 etablert eit nytt tilskot til mellomstore kommunar som slår seg saman og som dermed vil utgjere eit sterkare tyngdepunkt i sin region. Den nye kommunen vil altså få tilført midlar for å ta på seg oppgava som tyngdepunkt i regionen. Kommunen må være førebudd på å ta på seg oppgava som vertskap for nye statlege arbeidsplassar. I plan for lokalisering av statlege arbeidsplassar som nyleg vart lagt fram saman med St.meld. om berekraftige byar og sterke disktrikt, ligg kriterium for lokalisering av arbeidsplassar. Med høgt utdanningsnivå, nest største campus innanfor HSN, godt tog- og busstilbod og befolkningsvekst, vil den nye kommunen peike seg ut som aktuell for lokalisering av

statlege arbeidsplassar. I eit nytt fylke beståande av Vestfold og Telemark, vil den nye kommunen ha ei sentral geografisk plassering. Som omtalt under utfordringar for Bø kommune, så vil eit framtidig universitet i Sørøst-Noreg si satsing på Campus Bø vere avgjerande for utvikling også av den nye kommunen. Kva for struktur det nye fylket vil legge opp til for dei vidaregåande skulane vil også påverke utviklinga.

Bø har over lengre tid hatt om lag like stor innpendling som utpendling av arbeidstakarar. Sauherad har netto utpendling, men for både kommunane er nabokommunen den kommunen flest pendlar ut til. Dei to utgjør i dag ein felles bu- og arbeidsmarknad.

Samordna areal- og transportplanlegging og berekraftig samfunnsutvikling vert sentrale tema ved samordning av planar for dei to kommunane. Dei to har ulik senterstruktur og utbyggingsmønster, og må i oppbygging av den nye kommunen utarbeide ein heilskapleg strategi for arealbruk. Sauherad har satsa på utvikling og bustadbygging i alle dei fem tettstadene Hørte, Akkerhaugen, Hjuksebø, Nordagutu og Gvarv. I Bø har ein hatt fokus på utvikling av eitt sentrum, Bø sentrum, og lagt til rette for bustadområde i gang- og sykkelavstand herifrå. Landbruksnæringa står sterkt i både kommunane og kulturlandskapet utgjør ein svært viktig ressurs og grunnlag for arbeidsplassar, både i form av matproduksjon og reiseliv. Sauherad er kanalkommune, og den nye kommunen vil vere vertskap for dei to største reiselivsfyrtårna i Telemark, Bø Sommarland og Telemarkskanalen.

Sørlandsbanen går gjennom både Sauherad og Bø og har to stopp i den nye kommunen, Nordagutu og Bø. Ny Sørlandsbane planleggast gjennom Vestfold, og framtidig frekvens for tog på dagens Sørlandsbane er førebels uklar. Bø stasjon er i dag eit trafikert regionalt knutepunkt, med 16 daglege togavgangar og 109 bussavgangar. Nordagutu har tilsvarende tal togavgangar på Sørlandsbanen og like mange på Bratsbergbanen, i tillegg til busstilbodet. At det gode kollektivtilbodet knytt til dei to stasjonane oppretthaldast, er svært viktig for arbeidsmarknadsintegrasjonen i regionen.

Sterk friviljug sektor er avgjerande for vidare utvikling i den nye kommunen. Korleis friviljug sektor kan mobiliserast på tvers av dagens kommunegrensar for å bygge den nye kommunen, vert viktig for medverknad i arbeidet som skal gjerast i interrimperioden. Global utvikling i form av politisk og sosial uro og klimaendringar gjer at utfordringsbiletet slik ein ser det no, kan endre karakter og styrke innan til dømes busetting av flyktningar/integrering og beredskap.

6 VURDERING AV PLANBEHOVET I PERIODEN 2017-2019

6.1 KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL OG AREALDEL

Både kommunar vurderte planbehovet for perioden i sine planstrategiar, sjå Tabell 1 og Tabell 2. For å få eit felles styringsdokument i arbeidet med bygging av ein ny kommune, bør ein interkommunal samfunnsdel for dei to kommunane utarbeidast så snart som mogleg for å nyttast som styringsverktøy i prosessen med å bygge den nye kommunen. Det vert difor lagt opp til oppstart av rullering av felles samfunnsdel hausten 2017.

Arbeid med ny felles arealdel for dei to kommunane, bør startast opp etter at felles samfunnsdel er vedtatt. Ein vil sannsynlegvis ikkje rekke å utarbeide felles arealdel i denne perioden, men arbeidet bør startast opp i inneverande periode, slik at planprogrammet vert vedtatt i løpet av perioden. I forkant av planarbeidet skal det lagast ei grundig utgreiing av vassdrag og strandsona langs hovudvassdraga i Sauherad. Utgreiinga vil danne grunnlag for felles arealdel.

6.2 KOMMUNEDELPLANAR

Oppbygging av ein ny kommune vil vere ressurskrevjande både politisk og administrativt. Ambisjonsnivået for planarbeid i perioden bør vere tilpassa dette, samstundes som det vil vere behov for planprosessar for å bygge ny kommune. Dei tematiske kommunedelplanane skal forankrast i samfunnsdelen av kommuneplanen. Utarbeiding av felles kommunedelplanar bør difor i størst mogleg grad vente til ny samfunnsdel er utarbeidd.

Kommunedelplan for teknisk infrastruktur

Det vil vere behov for utarbeiding av ein felles kommunedelplan for teknisk infrastruktur for å danne eit godt grunnlag for samanslåing av infrastrukturen i dei to kommunane og prioritering av ressursar innanfor sektoren. Det bør vurderast om trafikksikkerhetsplanane til dei to kommunane bør inngå i denne. Bø kommune har ein hovudplan for vatn og avløp, medan tilsvarande samla plan for vatn og avløp manglar i Sauherad. Ingen av kommunane har overordna planar for veg. Planarbeidet bør gjennomførast som ein kommunedelplan for å sikre ei bred og open prosess i en plan der store investeringar vert planlagt.

Felles kommunedelplan for klima og energi

Båe kommunane har ei klima- og energiplan som har behov for rullering. Klima og energi har fokus i intensjonsavtalen mellom Bø og Sauherad, men ein ny klima- og energiplan bør vere forankra i samfunnsdelen. Ein bør difor avvente oppstart av arbeid med denne planen til det ligg føre eit utkast til ny samfunnsdel, t.d. haust 2018.

Kommunedelplanar for helse og oppvekst

I Bø er det nyleg vedtatt kommunedelplan for helse og kommunedelplan for oppvekst. I Sauherad vert det no utarbeidd oversiktar over føringar for kvart av tenesteområda. Det er behov for felles kommunedelplanar på kvart av tenesteområda, men desse må forankrast i samfunnsdelen. Ein kan velje å vente med å utarbeide felles planar til etter 2020 av kapasitetsomsyn, men ein ønskjer å nytte planarbeidet som eit verkty for arbeidet som skal gjerast i interimperioden 2017-2019 med å bygge hhv. oppvekstsektor og helsesektor i den nye kommunen. Det vert difor foreslått å starte utarbeiding av kommunedelplanar for kvar av desse sektorane hausten 2018. På denne måten er ein sikra medverknad og openheit rundt viktige vegval og prioriteringar.

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet

Bø kommune har nyleg rullert sin plan. I planstrategi for Sauherad heiter det at behovet skal vurderast i ny kommune. Ein oppdatert kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ein føresetnad for å kunne søke om spelemidlar frå Telemark fylkeskommune. Ny felles plan bør vente til ny kommune er etablert.

Planar for interkommunale einingar

Gjeldande interkommunale kommunedelplan for landbruk og strategisk næringsplan skulle ha vore rullert i perioden, men rullering av desse planane bør leggest på is inntil organisering av landbruk og næring i ny kommune er avklart. Tilsvarande gjeld planar for andre interkommunale einingar.

6.3 OMRÅDEREGULERINGSPLANAR

Kommuneplanens arealdel for båe kommunar set krav om utarbeiding av områdereguleringsplan for enkeltområde. Med unnatak av områdereguleringsplan for Bø sentrum, som vert gjennomført i kommunal regi, vil tidspunkt for gjennomføring av dei andre planane vere avhengige av når grunneigarane er klare for å utvikle områda. Arbeidet med rullering av områdereguleringsplan for Bø sentrum er i gang.

6.4 TEMAPLANAR SOM IKKJE FØLGJER PLAN- OG BYGNINGSLOVA

Oppvekst

Temaplan for oppvekst er prioritert i 1.halvår i 2017 i planstrategi for Sauherad. Utkast til temaplan oppvekst med oversikt over føringar er utarbeidd og er handsama i politiråd og tverrfagleg leiarteam. Planen vil danne grunnlag for ein felles kommunedelplan, sjå kap 6.2.

Pleie- og omsorg og psykisk helse

Temaplanar for både pleie- og omsorg og psykisk helse er prioritert i 1.halvår 2017 i planstrategi for Sauherad. Desse temaplanane vert no gjort om til ein felles enkel statusplan for tenestoområda helse, omsorg og velferd, som vil danne grunnlag for ein felles kommunedelplan, sjå kap 6.2.

Plan for bustadpolitikk

Det er behov for å lage ein felles plan for bustadpolitikk. Plan for bustadpolitikk er vedtatt i Bø. Planarbeid er starta opp i Sauherad, men planarbeidet vil bli no lagt på is i påvente av ein ny felles plan. Planen bør ha eit tverrfagleg perspektiv – bustadpolitikk omhandlar folkehelse, integrering, arealbruk, sosial utjamning osb. Arbeidet kan starte parallelt med samfunnsdelen, men føringane må bli lagt i samfunnsdelen. Arbeidet kan starte opp t.d. vår 2018.

Student- og elevmelding

Som del av byregionprogrammet er student- og elevmelding for Bø, Sauherad og Nome under utarbeiding. Dette er ei prioritert oppgåve for å synleggjere kva mål og strategiar dei tre kommunane som alle er vertskommunar for studentar, folkehøgskuleelevar og vidaregåandeelevar skal legge til grunn for å auke attraktiviteten til studiestadene.

Sykkelplan

Som Sykkelbygd forpliktar Bø kommune seg til å fastsetje eit hovudnett for sykkel. Dette inngår i ein sykkelplan som vert vedtatt før sommaren 2017. Det er ønskeleg å utvide denne til ein sykkelplan for heile den nye kommunen i løpet av perioden.

Overordna ROS-analyse 2012-2015

Det er behov for ei felles ROS-analyse for dei to kommunane. Av kapasitetsomsyn ser ein det vanskeleg å starte arbeidet før i 2019.

Plan for velferdsteknologi

Eit forstudie om velferdsteknologi er gjennomført i Midt-Telemark. Utarbeiding av felles plan for velferdsteknologi vil starte opp i 2017.

Digitalisering

Eit viktig planarbeid i denne perioden der ny kommune skal byggast blir utarbeiding av ein digitaliseringsstrategi. Det er førebels ikkje avklart kva som bør vere den geografiske avgrensinga av planarbeidet, men dette bør prioriteres tidleg i perioden.

7 PRIORITERTE PLANOPPGÅVER I PERIODEN 2017-20

7.1 PRIORITERTE PLANAR

Tabell 3 viser prioritering av overordna planar etter PBL og andre overordna temaplanar i perioden 2017-19. Av tabellen går det fram om det er behov for rullering i perioden, når planen skal rullerast og kven som er ansvarleg.

Tabell 3 Prioritering av planar i Sauherad og Bø 2017-2020

Plan	2017	2018	2019	2020	Ansvar	Kommentar
Kommuneplanar og –delplanar etter PBL						
Kommuneplanens samfunnsdel ny kommune	Ny	Ny	Ny		Rådmann	
Kommuneplanens arealdel ny kommune (inkl utgreiing om strandsone og vassdrag)			Ny	Ny	Rådmann	
KDP Lifjell						Ingen rullering
KDP klima og energi ny kommune		Ny	Ny		Samfunnsutvikling	
KDP teknisk infrastruktur ny kommune			Ny	Ny	Teknisk	
KDP oppvekst ny kommune			Ny	Ny	Oppvekst	
KDP helse ny kommune			Ny	Ny	Helse	
KDP kulturminne, Bø og Sauherad 2016-2019					Samfunnsutvikling	Ingen rullering
KDP landbruk, M-T 2014-2017			Ny	Ny	Samfunnsutvikling	
KDP kunst og kultur 2015-2027					Samfunnsutvikling	Ingen rullering
KDP flyktningpolitikk (2016)			Ny		Samfunnsutvikling	
KDP idrett og fysisk aktivitet 2016-2028					Samfunnsutvikling	Ingen rullering
KDP Overordna ROS-analyse og beredskap ny kommune		Ny	Ny		Samfunnsutvikling	
Områderegeringsplanar for Sauherad						
Skåråfjellia bustadområde						Tidspunkt avhengig av grunneigar
Geiteryggen bustadområde						Tidspunkt avhengig av grunneigar
Områderegeringsplanar for Bø						
Bø sentrum (2013)	Rev.	Rev.			Teknisk	
Klokkeåråsen og Skyttarvegen					Teknisk	Tidspunkt avhengig av grunneigar
Interkommunale temaplanar						
Student- og elevmelding	Ny	Ny			Midt-Telemarkrådet	Ferdig utarbeidd
Digitaliseringsstrategi ny kommune		Ny	Ny		Økonomi og digitalisering	
Plan for bustadpolitikk ny kommune		Ny	Ny		Samfunnsutvikling	
Kulturstrategi ny kommune		Ny	Ny		Samfunnsutvikling	
Strategisk næringsplan for Midt-Telemark 2015-2018					Samfunnsutvikling	Ingen rullering
Sykkelplan ny kommune		Ny	Ny		Samfunnsutvikling	
Temaplanar Sauherad						
Trafikksikkerhetsplan 2015 – 24			Rev		Teknisk	Sauherad
Temaplanar Bø						
Sykkelplan	Ny				Rådmann	Ferdig utarbeidd
Trafikktryggleiksplan 2013-2016			Rev		Teknisk	

7.2 PLANSYSTEMET I KOMMUNEN

I arbeidet med bygging av ny kommune, må det arbeidast med oppbygging av plansystem og – rutinar. Dette gjeld særleg samanheng mellom økonomiplan og budsjett, rullering av handlingsdelar, rapportering og interne samarbeidsrutiner for å sikre samanheng mellom sektorane og ein raud tråd i prioriteringane i kommunen. Det bør utarbeidast ein kortfatta rettleiar for korleis tematiske planar etter plan- og bygningslova skal utarbeidast og følgjast opp.